




2016

HEMSEDAL KOMMUNE



Årsmelding

2016

INNHOLD

INNHOLD	2
1 Rådmannen sine resultatvurderingar	3
2 Økonomiske resultat.....	5
2.1 Driftsrekneskap	5
2.2 Investeringsrekneskapen.....	7
2.3 Balansen – nokre viktige samanhengar.....	8
3 Samfunnsperspektivet	13
3.1 Politisk verksemd og organisasjonskart	13
3.2 Kommuneplan – samfunnsdelen.....	14
4 Medarbeidarperspektivet.....	15
4.1 Seniorpolitikk.....	15
4.2 Turnover	15
4.3 Kompetanseutvikling.....	15
4.4 Fråvær	16
4.5 Likestilling	16
5 Tenesteperspektivet.....	17
5.1 Kundekontakt - service - tenestetorg.....	17
5.2 Fokusområde barn og unge.....	18
5.3 Helse og omsorg.....	19
5.4 Kultur og oppvekst	25
5.5 Teknisk.....	31

1 Rådmannen sine resultatvurderingar

Hemsedal kommune kan nok ein gong sjå tilbake på eit svært godt år på mange av dei prioriterte områda. Dette gjeld spesielt økonomisk resultat. **Netto driftsresultat** er eit mål på kommunen si handlefridom, og Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 3 % av brutto driftsinntekter. Hemsedal kommune har i 2016 eit netto driftsresultat **på kr 15,6 mill. og 6,42%.**

Folketalet aukar framleis, men ikkje i den farten me har opplevd dei seinare åra. Hemsedal hadde ved årsskifte 2442 innbyggjarar, ei auke på 20 personer siste året. I siste femårsperioden har folketalet i Hemsedal auka med 218 personar, ei auke ingen andre samanliknbare distriktskommunar kan matche.

Innanfor tenesteområda oppnådde kommunen mange gode resultat i år som tidlegare år. Det er stor aktivitet på nær alle områder. For mange tenester har vi målingar som viser gode resultat. For ein del tenester har vi ikkje gode nok metodar for målstyring, men det er likevel rådmannen si oppfatning at det er produsert gode tenester og at vi har godt fornøgdde brukarar. Som leserane vil sjå har ein forsøkt å sette fokus på måloppnåing i samband med årsmeldinga. Dette er første versjon med anna rapporteringsform. Målet er at handlingsplanane skal vere tydelegare på kva ein ønskjer å oppnå, slik at årsmeldinga vert eit dokument som i større grad evaluerer om måla vart oppnådd. Rådmannen meiner kommunen utpeikar seg ved å vera jamn god på alle områder.

Rådmann vil spesielt trekke fram 4 saker som det har vore arbeida mykje med. Kommunestyret gjorde hausten 2015 vedtak om sentralskule ved Hemsedal Barne og ungdomskule (HBU). Rådmann fekk i oppgåve å greie ut eit grunnlag for gjennomføring. Etter anbudsprosess vart det utarbeida ein muligheitsstudie for ei samla arealutnytting i området HBU – Bygdaheimen der også gjeldande temaplan for Bygdaheimen vart teke omsyn til. Ei løysning for helsestasjonen sine behov på kort og lang sikt var også med i mandatet. Kommunestyret gjorde mot slutten av året vedtak om å sette ned ei politisk leia arbeidsgruppe som skulle jobbe vidare med lokalisering og økonomi i prosjektet.

Som 2015 var også Flyktningssituasjonen i byrjinga av året krevjande. I samråd med Husbanken ble det annonsert etter grunneigarar eller utbyggjarar som kunne tenke seg å byggje flyktningbustader – gjennom eit samarbeid med kommunen. Det vart vist til «Hammarøymodellen», med grunnstig Husbankfinansiering under føresetnad av at kommunen forplikta seg til å leige einingar langsiktig. Responsen på ordninga var liten, samstundes med at kommunen klarte å dekke behovet for husvære gjennom eigne bygg, i samarbeid med NAV.

Som vekstkommune opplever kommunen særskilt stort press på planarbeid. Kommunen har ansvar for to store områdeplanar, Trøym aust og vest. I vestre del av Trøym ønskjer ein å sikre areal for næringsutvikling, inkludert fjellgondol og pulsgondol mellom Trøym sentrum og fjellandsbyen, samt avklare trase for ny fylkesveg i området Trøym sør - Bruhaugen. Etter innspel frå «Veien videre», eit prosjektsamarbeid for grunneigarar og utbyggingsinteresser i området, vart planprosessen satt på vent i påvente av deira innspel. I den austre delen av Trøym gjeld planarbeidet å sikre areal primært for offentlege føremål (skule og helse) og bustadareal sentralt. Også dette planarbeidet vart etter kvart satt på vent i påvente av framtidig avklaring knytt sentralskulen. Av anna planarbeidet er ny planstrategi vedteke, samt planprogram for ny energi- og klimaplan, og oppstart av arbeid med rullering av arealdelen til kommuneplan.

Det er blitt gjennomført fleire eksterne tilsyn ved ulike verksemder i 2016. Mattilsynet har hatt tilsyn med barnehagane. Miljøretta helsevern har hatt tilsyn med Trøimshallen og SFO. Det er gjennomført

branntilsyn mellom anna ved skuler, barnehagar, sjukeheim og omsorgsbustader. Det er gjennomført tilsyn jf Barnehageloven av lokal tilsynsmynde. Hausten 2016 vart det starta forvaltningsrevisjon innan oppvekst,- ei sak som har vore krevjande for Hemsedal kommune. Saka vert følgt opp i 2017. I tillegg er det innan helse og omsorg årleg internrevisjon med legemiddelhandtering. Alle avvik, merknader og råd blir det gitt tilsvar på og nødvendige tiltak sett i verk og implementert i kommunen sine rutinar.

Dyktige tilsette er den viktigaste faktoren for å kunne tilby gode tenester. Resultatet av dette er fornøgde brukarar og gode resultat. Det god grunn til å takke alle medarbeidarane for innsatsen i 2016.

Det er og grunn til å framheve det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Hemsedal. Kommunen sin tenesteyting saman med frivillige arbeid er viktig for bulyst og folkehelsa i bygda.

2 Økonomiske resultat

2.1 Driftsrekneskap

Hemsedal kommune har hatt gode driftsresultat dei siste 3 åra. Kommunen har høgt aktivitetsnivå og har investert kr 129 mill. i anleggsmidler i perioden 2011 til 2016. Dette har ført til auke i kapitalutgifter i driftsrekneskap. Kapitalutgifter har direkte konsekvensar for netto driftsresultat og påverkar handlefridom. Samt har kommunen fått kr 1,5 mill. mindre i energi inntekter (utbytte frå Hemsedal Energi) for same perioden. Frå kr 8 mill. i 2015 til kr 6,5 mill. i 2016.

Driftsresultat

	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016	B 2016
Skatt på inntekt og formue	57 290	60 492	64 349	69 719	66 500
Eigedomsskatt	9 832	10 039	10 129	9 862	10 000
Rammetilskot	66 669	66 513	69 864	68 460	67 096
Øvrige driftsinntekter	68 227	75 135	79 453	94 342	62 680
Sum driftsinntekter	202 018	212 179	223 795	242 383	206 276
Lønns-og sosiale kostnader	126 420	131 690	135 543	140 809	128 978
Varer og tenester til egen prod.	26 513	29 742	32 035	33 739	31 999
Varer og tenester til erst. egen prod.	29 767	32 872	37 374	39 047	33 792
Overføringer til andre	11 720	13 998	10 127	11 940	11 515
Avskrivninger	9 963	10 078	9 832	10 382	8 648
Fordelte utgifter	-90	-66	-180	-64	0
Sum driftsutgifter	204 293	218 314	224 731	235 853	214 932
Brutto driftsresultat	-2 275	-6 135	-936	6 530	-8 656
netto renter, utbytte	-6 570	-6 383	-6 342	-5 474	-4 054
netto avdrag	5 287	6 550	6 400	6 823	6 915
utlån over drift.regnsk.	0	0	0	0	
motpost avskrivninger	9 963	10 078	9 832	10 382	8 648
Netto driftsresultat	8 971	3 776	8 838	15 563	-2 869

Netto driftsresultat

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016	B 2016
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,67 %	4,44 %	1,78 %	3,95 %	6,42 %	-0,18 %

Netto driftsresultat er eit mål på kommunen si handlefridom, direkte og indirekte. Eit positivt netto driftsresultat syner i kva for grad drifta aleine greier å bidra til eit overskot. Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 3 % av brutto driftsinntekter. Hemsedal kommune har i 2016 eit netto driftsresultat **på kr 15,6 mill. og 6,42%.**

Driftsinntektene har auka frå 2015 til 2016 med kr 18,5 mill. Dette utgjør 8,3 %. Målt mot budsjett kan det sjå ut som ein har hatt ein stor vekst i inntekter. Dog er refusjon sjukepengar ikkje budsjettet. Desse postane utgjør over kr 5,3 mill. Størst reell vekst finn ein på andre sals- og leigeinntekter med kr.3,9 mill, overføringar med krav til motyting med kr 14,8 mill., andre overføringa med kr. 2,6 mill. og skatt på inntekt og formue med kr 3,2 mill.

	Regnskap	Budsjett	auke (+)/reduksjon(-)
Brukerbetalinger	8 683 390	8 523 478	159 912
Andre salgs- og leieinntekter	33 825 858	29 884 941	3 940 917
Overføringer med krav til motytelse	35 281 467	12 525 353	22 756 114
Rammetilskudd	68 460 294	67 096 000	1 364 294
Andre statlige overføringer	11 119 003	8 964 739	2 154 264
Andre overføringer	2 689 127	28 000	2 661 127
Skatt på inntekt og formue	69 719 020	66 500 000	3 219 020
Eiendomsskatt	9 862 159	10 000 000	-137 841
Andre direkte og indirekte skatter	2 742 761	2 754 000	-11 239
Sum driftsinntekter	242 383 079	206 276 511	36 106 568

Driftsutgiftene

Driftsutgiftene syner ei auke på 4,9 % frå 2015 til 2016. Dvs. kr 11,1 mill. Løn og sosiale kostnader auka med kr 5,2 mill. Varer og tenester som baa inngår og erstattar tenesteproduksjon auka med til saman 3,7 mill, auke frå 2014 til 2015 var kr.6,7 mill. Utgiftene til vaksne framandspråkleg opplæring er ført her. Dette vert ikkje budsjetttert. Overføringar gjekk opp med 1,8 mill.

	2015	2016	auke (+)/reduksjon(-)	prosent
Lønns-og sosiale kostnader	135 543	140 809	5 266	3,9 %
Varer og tenester til egen prod.	32 035	33 739	1 704	5,3 %
Varer og tenester til erst. egen prod.	37 374	39 047	1 673	4,5 %
Overføringer til andre	10 127	11 940	1 813	17,9 %
Avskrivninger	9 832	10 382	550	5,6 %
Fordelte utgifter	-180	-64	116	-64,4 %
Sum driftsutgifter	224 731	235 853	11 122	4,9 %

Kommunen har relativt god kontroll på lønnskostnadane. Veksten i løn og sosiale kostnader i 2016 utgjer kr 5,2 mill. (3,9 %). Veksten i 2015 var kr 6,4 mill. (2,9%).

Lønnskostnader i høve til sum driftsinntekter (i %)

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Løn og sosiale kostnader/driftsinntekter	64,8 %	62,6 %	62,1 %	60,6 %	58,1 %

Tabellen og tala syner i kva for grad driftsinntektene er knytt opp mot reine lønnskostnader. Lønnskostnadene er som oftast ein fast post som er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt og evt. som oftast har direkte med kommunal tenesteproduksjon å gjere. Ein reduksjon av lønnskostnader vil normalt medføre at stillingar ikkje blir besett og at oppgåver ikkje blir gjort sidan kommunal tenesteproduksjon i stor grad handlar om menneskelege ressursar. Reduksjon i 2015 har vore på 2,5 % i høve til 2016.

Skatt på inntekt og formue i høve til sum driftsinntekter i %

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Skatt på inntekt og formue/driftsinntekter	30,8 %	28,3 %	28,5 %	28,8 %	28,8 %

Skatteinntektene utgjer ein stor del av driftsinntektene men forholdstalet minkar. Det er bra, men slike tal kan sjølsagt tolkast på fleire måtar; ein måte å sjå det på er at eigenfinansieringa aukar og at ein er mindre avhengig av andre inntekter – skatt bør på ein måte vere ein vesentleg inntektskjelde i eit offentleg budsjett. Det er ikkje all auke i skatteinntektene som tilfaller kommunen. Ei korreksjon som blir gjort frå staten, er fortløpande justering av rammetilskotet – der meir skatteinntekter enn berekna når rammetilskotet vart tildelt, medfører redusert rammetilskot. Dog har reduserte/økte skatteinntekter blitt kompensert/justert ved høgare/lågare rammetilskot. jfr. neste punkt.

Rammetilskot i høve til sum driftsinntekter i %

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Rammetilskot/driftsinntekter	30,1 %	33,0 %	31,3 %	31,2 %	28,2 %

Som tabellen syner, så er det reduksjon i rammetilskotet i høve til totale driftsinntekter. Ein får her justert for økte skatteinntekter om ikkje krone for krone.

2.2 Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen syner at det er nytta kr.14 mill. til investeringar i 2016. I tillegg kjem interne finansieringstransaksjonar på kr. 19,5 mill. Her først m.a. avdrag på lån, utlån og avsetningar til både bundne og ubundne fond. Tomtesalsinntekter på underkant av kr. 8,2 mill. har vore avsett til ubundne fond.

Investeringar knytta til utarbeiding av bustadfelt (Tuv, Svøo og Trøim-Fiskum) i perioden 2011 til 2016 utgjer kr 36,3 mill. Kommunen har lånefinansiert kr 33,3 mill. av disse. Inntekter for sal av tomter i same perioden utgjer kr. 16,4 mill. Salsinntekter frå tomter og eigedomar avsettas til fond som deretter er nytta til å finansiere investeringar.

Dei største investeringar i 2016 er kjøp av It-utstyr til skulane og barnehagane, VA leidning Bruhaug-Trøim og utviding av VA leidning Tinden. Investeringane og interne finansieringstransaksjonar er finansiert slik:

	Regnskap 2016	Reg. budsjett 2016	Regnskap 2015
Finansieringsbehov	19 564 790	19 663 500	17 597 224
Dekket slik:			
Bruk av lån	10 336 311	9 600 300	12 042 000
Salg av aksjer og andeler	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	700 344	0	758 592
Overført fra driftsregnskapet	35 546	0	47 220
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	520 126	10 063 200	4 749 412
Bruk av bundne investeringsfond	8 452 605	0	0
Sum finansiering	20 044 933	19 663 500	17 597 224
Udekket/udisponert	480 143	0	0

Finansstransaksjoner	Regnskap 2016	Reg. budsjett 2016	Regnskap 2015
Avdrag på lån	1 889 964	0	301 353
Utlån	2 175 000	0	1 042 000
Kjøp av aksjer og andeler	520 126	510 000	203 200
Dekning av tidligere års udekket	0	0	599 763
Avsatt til ubundne investeringsfond	13 272 492	10 063 200	5 738 299
Avsatt til bundne investeringsfond	345 926	0	5 754 815
Sum finansieringstransaksjoner	18 203 508	10 573 200	13 639 430

Avvik i bruk og avsetningar til ubundne og bundne investeringsfond i forhold til budsjettet skuldast primært at ikkje alle planlagt investeringar ble gjennomført. Dermed ble også lånebehov mindre.

2.3 Balansen – nokre viktige samanhengar

Fondskapital

Type fond	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Disposisjonsfond	12 104 238	16 318 824	21 209 855	26 464 280	32 997 035
Bundne driftsfond	8 369 792	8 773 751	8 241 315	8 005 339	13 663 732
Ubundne investeringsfond	3 206 062	89 769	997 943	1 986 830	14 739 196
Bundne investeringsfond	2 671 464	3 340 434	5 281 676	11 036 491	2 929 812
Sum	26 351 555	28 522 778	35 730 789	47 492 940	64 329 774

Fondsmidlar er inndelt i 4 grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre særpreg:

- ✓ **Bundne driftsfond** er øyremerka midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremål dei er meint å dekke ved overføringa til kommunen. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytta til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er motteke. Midlane er ikkje til fri disposisjon for kommunestyret.
- ✓ **Bundne investeringsfond** er øyremerka til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane.
- ✓ **Ubundne investeringsfond** kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane.
- ✓ **Disposisjonsfond** kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til. KS omtalar i sin vurdering at kommunar som har disposisjonsfond mellom 5 og 8% av driftsinntektene har moderat økonomisk handlefridom, medan høgare enn 8% gjer større grad av økonomisk handlingsrom. KS anbefalar også at disposisjonsfond bør vera mellom 10 og 15% for å kunne møte svingingar i rentenivået. Hemsedal kommune har styrka sitt disposisjonsfond dei siste 2 åra til anbefalt nivå.

2015	2016	
11,8 %	13,6 %	disposisjonsfond i % av brutto inntekter
15,9 %	18,7 %	disposisjonsfond inkl.årets overskot i % av brutto driftsinntekter

Arbeidskapital (i % av sum driftsinntekter)

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Arbeidskapital i kroner	38 553 226	41 187 412	38 130 258	55 722 502	77 640 008
Arbeidskapital/sum driftsinntekter	21,2 %	20,4 %	18,0 %	24,9 %	32,0 %

Arbeidskapitalen er forskjellen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og seier oss noko om i kva for grad vi greier å gjere opp for oss. Har vi ein negativ arbeidskapitel vil vi ikkje kunne greie oss utan å måtte bruke av "dyr" kassakreditt eller så klart be om betalingsutsetting. Det er ikkje bra at arbeidskapitalen er under 20 %.

Likviditetsgrad 1

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Omløpsmidlar	74 206 183	75 725 830	77 891 009	91 822 480	116 992 379
Kortsiktig gjeld	35 652 957	34 538 418	39 760 750	36 099 978	39 352 371
Likviditetsgrad 1:	2,08	2,19	1,96	2,54	2,97

Likviditetsgrad 1 er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommunen evner å betale dei kortsiktige forpliktingane – i kva for grad ein evner å gjere opp for seg. Talet bør vere høgare enn 2. I omløpsmidlar inngår også kortsiktige fordringar som ikkje utan vidare kan gjerast om til pengar for å betale kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 2

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Mest likvide omløpsmidlar (bankinnskot)	48 602 451	49 657 390	49 275 383	62 926 642	68 840 239
Kortsiktig gjeld	35 652 957	34 538 418	39 760 750	36 099 978	39 352 371
Likviditetsgrad 2:	1,36	1,44	1,24	1,74	1,75

Likviditetsgrad 2 er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommunen evner å betale dei kortsiktige forpliktingane her og no. I omløpsmiddel inngår stort sett berre bankinnskot. I det private er dette ofte nytta som måltal og ein seier at dette talet bør vere høgare enn 1.

Gjeld – i kroner (eks. pensjonsforplikting og startlån)

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Lånegjeld eksl.startlån	135 909 361	145 618 652	146 068 633	150 667 940	153 445 981

Gjeld – i % av brutto driftsinntekter (eks. pensjonsforplikting og startlån)

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Lånegjeld eksl.startlån i % av brutto driftsinntekter	74,9 %	72,1 %	68,8 %	67,3 %	68,6 %

Gjeld – i kroner pr. innbyggjar (eks. pensjonsforplikting og startlån)

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
antall innbyggjare	2224	2295	2344	2422	2439
Lånegjeld pr. innbyggjar	61 110	63 450	62 316	62 208	62 913

Ein har i oversynet teke berre omsyn til langsiktig gjeld til låneinstitusjonar. Det seier seg sjølv at høg lånegjeld er ei belastning og ein risiko for kommuneøkonomien. KS definerer ein gjeldsbelastning mellom 65 og 75% av driftsinntekter som moderat gjeld (68,6 % i 2016). Slik situasjonen har vore for 2015 og 2016 har kapitalkostnadene likevel vore til å leve med. Men ein er utsatt for renterisiko og den langsiktige lånegjelda reduser handlefridomen til kommunen. Ein stor del av lånegjelda er i stor grad sjølvfinansierande, då det gjeld investeringar knytta opp mot VA og bustadfelt. Difor vert ein stor del av avdrag og renter finansiert ved dette, og kommunen er ikkje så sårbar som andre kommunar.

Fordringar

Resultatmål:	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016
Kortsiktige fordringar	15 420 646	15 332 534	16 868 797	37 062 495	18 352 142

Kommunen har hatt fokus på fordringsmassen i fleire år og har god kontroll på denne. Lite tap i forhold til fordringsmasse.

Startlån

Startlån skal bidra til at personer med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffa seg ein egna bustad og behalde den. Kommunen skal vurdere samfinansiering med annan bank. Alle startlån skal tildelast etter behovsprøving. Dei vanskelegstilte skal prioriterast først.

Vi løyva kr 2.175.000 i 2016, utføre og lavtlønna som har moglegheit til å nedbetale lån har vorte prioritert. Vi behandla 12 søknadar, 10 ble innvilga og 2 avslått. Fullmakt for å gje løyve for startlån er i løyvereglementet delegert til rådmannen.

Sentraladministrasjon

10 Sentraladm	Regnskap 2016	Buds(end)2016	Avvik(per.)	Regnskap 2015	Buds(end)2015	Avvik(per.)
10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	13 786 979	10 095 000	3 691 979	12 912 622	9 641 366	3 271 256
11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUK	6 850 980	6 758 778	92 202	7 155 448	6 439 540	715 908
13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	2 293 182	1 789 300	503 882	1 805 860	1 728 264	77 596
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	349 198	5 827 167	-5 477 969	130 551	7 607 085	-7 476 534
15 FINANSUTGIFTER	41 500 115	27 942 485	13 557 630	33 525 749	24 033 485	9 492 264
Sum utgifter	64 780 453	52 412 730	12 367 723	55 530 231	49 449 740	6 080 491
16 SALGSINNTEKTER	-470 711	-416 030	-54 681	-411 647	-323 730	-87 917
17 REFUSJONER	-4 533 542	-3 518 140	-1 015 402	-4 220 476	-3 453 000	-767 476
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-158 508 884	-152 317 739	-6 191 145	-152 368 936	-145 140 000	-7 228 936
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-26 790 045	-24 086 315	-2 703 730	-23 318 838	-22 064 985	-1 253 853
Sum inntekter	-190 303 182	-180 338 224	-9 964 958	-180 319 896	-170 981 715	-9 338 181
Sum gruppeansv.: 10 Sentraladm	-125 522 729	-127 925 494	2 402 765	-124 789 665	-121 531 975	-3 257 690

Rekneskapen for sentraladministrasjonen viser eit netto meirforbruk på kr. 2.402.765. Sektoren består av eit kapitalområde i tillegg til tenesteområde sentraladministrasjon. Dei største felleskostnaden som blir ført her er IKT-Hallingdal med ca. kr 3,9 mill. og reguleringspremien for pensjonsforpliktingane på ca. kr. 4,4 mill. for 2016.

Underskot på løn skuldast ekstra utgifter på kr. 200.000, resten gjeld reguleringspremie ført på pensjonsutgifter på kr. 4,4 mill. Budsjettet ligger under overføringsutgifter. Overforbruk på kjøp av varer og tenester gjeld IKT utgifter på ca. kr.100.000 og utgifter til revisjon og kontroll på kr. 404.000 meir enn budsjettet. Avskrivningar under finansutgifter er kr. 1,7 mill. høgare. Dette har tilsvarande på inntektssida. Føring av årets mindreforbruk påverkar også netto resultat på sentraladministrasjon.

Kultur-og oppvekst

20 Kultur og oppvekst	Regnskap 2016	Buds(end)2016	Avvik(per.)	Regnskap 2015	Buds(end)2015	Avvik(per.)
10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	56 931 018	50 955 151	5 975 867	55 891 796	49 384 575	6 507 221
11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUK	6 626 789	5 440 338	1 186 451	6 075 755	5 353 438	722 317
13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	10 497 174	2 054 184	8 442 990	9 311 817	1 951 497	7 360 320
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	5 166 549	2 878 868	2 287 681	3 028 224	2 296 831	731 393
15 FINANSUTGIFTER	2 307 709	0	2 307 709	822 350	0	822 350
Sum utgifter	81 529 240	61 328 541	20 200 699	75 129 942	58 986 341	16 143 601
16 SALGSINNTEKTER	-5 584 062	-5 478 478	-105 584	-5 557 801	-4 757 049	-800 752
17 REFUSJONER	-17 304 995	-619 213	-16 685 782	-14 116 101	-889 982	-13 226 119
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-2 292 392	-243 000	-2 049 392	-394 402	0	-394 402
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-858 481	-819 000	-39 481	-289 084	0	-289 084
Sum inntekter	-26 039 930	-7 159 691	-18 880 239	-20 357 388	-5 647 031	-14 710 357
Sum gruppeansv.: 20 Kultur og oppvekst	55 489 309	54 168 850	1 320 459	54 772 554	53 339 310	1 433 244

Kultur og oppvekst viser eit netto meirforbruk på kr. 1 320.850. Avviket på utgifta skuldast løn. Det ligg en del refusjonar knytt til desse utgifta. Når det gjeld kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigen produksjon, har etaten eit meirforbruk på til eks. kr. 338.184,- matvarer, kr.248.000 skuleskyss, kr.63.448 leige av lokalar, kr 100.000 IT-utstyr og kr 197.584 for andre tenester. Kjøp av tenester som erstattar eigen produksjon og overføringsutgifter gjeld i hovudsak vaksenopplæring, dette har ein inntektssida med.

Helse og omsorg

30 Helse og omsorg	Regnskap 2016	Buds(end)2016	Avvik(per.)	Regnskap 2015	Buds(end)2015	Avvik(per.)
10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	49 357 491	46 955 000	2 402 491	46 476 148	44 642 613	1 833 535
11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUK	4 976 885	4 304 010	672 875	5 341 750	4 305 370	1 036 380
13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	15 674 084	19 464 354	-3 790 270	16 874 912	15 438 408	1 436 504
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	1 237 433	645 950	591 483	2 338 578	624 122	1 714 456
15 FINANSUTGIFTER	1 420 303	0	1 420 303	1 039 971	0	1 039 971
Sum utgifter	72 666 195	71 369 314	1 296 881	72 071 359	65 010 513	7 060 846
16 SALGSINNTEKTER	-4 339 062	-4 019 200	-319 862	-3 862 186	-4 011 200	149 014
17 REFUSJONER	-11 257 589	-7 570 000	-3 687 589	-11 488 123	-7 380 700	-4 107 423
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-1 019 919	0	-1 019 919	-157 280	0	-157 280
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-1 422 286	-1 100 000	-322 286	-1 534 686	-300 000	-1 234 686
Sum inntekter	-18 038 856	-12 689 200	-5 349 656	-17 042 275	-11 691 900	-5 350 375
Sum gruppeansv.: 30 Helse og omsorg	54 627 340	58 680 114	-4 052 774	55 029 084	53 318 613	1 710 471

Helse og omsorg viser eit netto mindreforbruk på kr 4.502.774. Etaten har arbeida systematisk med økonomistyring og innsparingar.

Teknisk

40 Teknisk	Regnskap 2016	Buds(end)2016	Avvik(per.)	Regnskap 2015	Buds(end)2015	Avvik(per.)
10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	20 200 054	20 519 333	-319 279	19 751 560	19 249 246	502 314
11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUK	15 560 820	15 950 150	-389 330	13 921 044	14 038 830	-117 786
13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON	10 582 860	10 484 258	98 602	9 381 422	9 490 600	-109 178
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	5 126 872	2 163 000	2 963 872	4 618 736	2 700 000	1 918 736
15 FINANSUTGIFTER	5 828 098	3 129 000	2 699 098	3 727 719	4 122 000	-394 281
Sum utgifter	57 298 704	52 245 741	5 052 963	51 400 482	49 600 676	1 799 806
16 SALGSINNTEKTER	-32 159 830	-28 494 711	-3 665 119	-26 678 401	-25 912 034	-766 367
17 REFUSJONER	-1 905 341	-818 000	-1 087 341	-1 898 378	-622 090	-1 276 288
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-2 771 169	-2 782 000	10 831	-2 761 593	-2 781 500	19 907
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-5 116 609	-5 074 500	-42 109	-5 085 221	-5 411 000	325 779
Sum inntekter	-41 952 949	-37 169 211	-4 783 738	-36 423 593	-34 726 624	-1 696 969
Sum gruppeansv.: 40 Teknisk	15 345 756	15 076 530	269 226	14 976 889	14 874 052	102 837

Teknisk etat syner eit netto meirforbruk på kr 269.226. Avviket skuldast noko vikarløn. Etaten har klart å balansere drifta si tross høgt aktivitetsnivå.

		0618 Hemsedal	Kostragrup pe 02	Buskerud	Landet uten Oslo	Landet	0615 Flå	0616 Nes	0617 Gol	0619 Ål	0620 Hol	Egen kommune- gruppe
		2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016
Finansielle nøkkeltall												
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	2,6	2,9	2,6	3,5	3,4	2,1	2,8	3,2	1,9	4,5	3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	6,4	3,4	3,6	4	3,8	4,5	4	0,8	3,3	6,5	4
Frie inntekter i kroner per innbygger	Kroner	56 584	58 836	51 118	52 141	53 159	67 678	56 867	56 638	58 125	54 862	57 194
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	174,5	220,9	187,4	208,6	200,4	182,6	171,4	195,3	186,7	209,8	190,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	28,1	17,8	13,2	19,5	16,5	24,9	21,5	31,8	25,9	31,3	28
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	Kroner	61 646	69 981	38 414	57 482	47 441	54 608	40 236	96 453	79 545	70 983	71 665
Prioritering												
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	Kroner	149 854	138 184	135 733	137 688	139 359	132 426	132 813	133 658	136 066	171 173	143 775
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	Kroner	119 728	124 521	106 150	105 172	107 307	154 162	136 392	109 749	120 030	134 527	124 542
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	Kroner	4 299	3 478	2 443	2 538	2 508	5 253	4 290	3 922	4 353	5 480	4 534
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	Kroner	15 413	20 560	16 054	16 974	16 626	26 231	25 232	18 282	21 762	23 434	21 401
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	Kroner	2 431	2 906	3 589	3 536	3 906	4 441	2 256	3 776	3 792	1 676	2 930
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	Kroner	11 603	10 073	9 918	8 877	8 901	8 709	14 404	13 293	9 892	16 796	12 870
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	Kroner	10 480	6 557	4 156	4 312	4 038	9 308	7 719	9 508	8 507	9 444	9 081
Dekningsgrad												
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	Prosent	91,5	90,6	90,5	91,5	91	93,6	89,9	89,5	87,7	85,3	88,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	Prosent	9	8,7	8,6	7,8	7,8	12,6	12,3	12,2	11,9	14,2	..
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	13,1	12,9	10,4	10,7	10,6	9,3	17,9	14,3	16,5	16,8	15,5
Fysioterapiårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	15,6	10,6	10,3	9,1	9	16,7	11,9	10,6	17,3	12,1	13,6
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	Prosent	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	Prosent	91,3	96,4	97,6	95	95,3	100	100	87,5	93,2	95,2	..
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	Prosent	17,8	14,6	10,9	13	13,3	11,5	3,5	10,5	13,6	13,4	..
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	Prosent	3,7	:	:	4	4,1	3,9	4,5	4,9	4,3	2	..
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	Prosent	5,5	:	:	4,9	4,9	3,1	7,4	6	4,5	5,7	..
Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	Kilometer	16	86	66	43	39	28	45	30	339	776	269
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	Boliger	11	25	20	21	20	34	34	23	28	30	27
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	Årsverk	0,55	..	0,33	0,7	0,69	0,48	0,48	0,55	0,55	2,11	..
Produktivitet/enhetskostnader												
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	Kroner	197 034	185 074	180 406	186 210	187 884	162 432	172 808	178 607	188 502	229 879	190 756
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskys (202, 222, 223), per elev	Kroner	131 912	128 906	101 715	110 479	109 098	148 006	153 776	107 315	135 792	139 706	132 743
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	Persone	9,9	12,1	14,7	14,1	14,3	12,8	9,3	13,5	11,7	10,2	11
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	Kroner	217 250	216 496	229 023	246 322	245 371	152 679	394 309	342 658	282 550	245 094	..
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	Kroner	1 001 160	1 013 215	1 058 963	1 088 035	1 091 630	1 006 214	1 106 333	1 197 656	974 246	1 286 167	..
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	2 330	3 970	3 400	3 391	3 387	5 292	2 600	2 980	3 270	3 184	3 276
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	4 712	4 258	4 274	3 782	3 779	5 412	2 075	3 815	4 150	4 158	4 054
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	2 446	2 297	2 354	2 656	2 658	2 248	2 850	2 157	2 391	2 240	2 389
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	Dager	49	..	..	..	..	69	121	120	97	121	..
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneierend. Kalenderdager	Dager	..	..	..	..	..	60	..	60	..	60	..
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	Kroner	146 559	81 725	191 313	135 526	141 455	154 095	93 450	216 884	184 298	348 500	193 044
Lovarvendelse												
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	Prosent	86	95	94	95	95	88	100	80	99	77	88
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	Prosent	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..

3 Samfunnsperspektivet

3.1 Politisk verksemd og organisasjonskart

Kommunestyret har hatt fylgjande samansetning:

Oddvar Grøthe, ordfører	Senterpartiet
Kjell Erik Skølt, varaordfører	Arbeiderpartiet
Tove Eggen Lien	Senterpartiet
Pål Rørby	Senterpartiet
Torstein Tuv	Senterpartiet
Petter Owesen	Hemsedal Bygdeliste
Marit Foss	Hemsedal Bygdeliste
Jørgen Aamot	Hemsedal Bygdeliste
Janne Merete Brøndbo	Arbeiderpartiet
Olav Syversbråten	Arbeiderpartiet
Maria Jartman	Høgre
Odd Holde	Høgre
Olav Støyten	Kristeleg Folkeparti
Ingar Nergård	Kristeleg Folkeparti
Steinar Bleken	Venstre
Ellen Margrethe Stabursvik	Sosialistisk Venstreparti
Ove Fekene	Uavhengig

Kommunestyremøta blir overført på Radio Hallingdal, og sakspapir/ møteprotokollar gjort tilgjengelege på nettsida www.hemsedal.kommune.no Tabellen under viser utvikling i tal handsama saker i dei ulike politiske organ.


Tal handsama saker	2012	2013	2014	2015	2016
Kommunestyret	151	72	92	116 (Valår)	143
Formannskap	98	73	92	80	93
Hovudutval Plan og ressurs	105	84	105	97	100
Hovudutval Livsløp	77	37	39	54	87

Delegerte saker	2014	2015	2016
Hovudutval Plan og ressurs	394	465	470
Hovudutval Livsløp	15	24	14

Hemsedal kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med delegering frå Kommunestyret. Formannskap fungerer og som kommuneplannemnd.

Administrativt er kommunen organisert med ein etatsmodellen med 3 etatar.

Det var 218 årsverk, inkl mellombelse stillingar og prosjektstillingar i 2016.



3.2 Kommuneplan – samfunnsdelen

Måloppnåing 2016	
Gode resultat gjennomført, nært gjennomført eller i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikkje gjennomført
I Hemsedal vil me ha ein bevisst utbyggingspolitikk som tek omsyn til bærekraft, miljø og framtidige generasjonar.	Vedteke planstrategi/ planprogram. Politiske strategiar lagt. Områdeplan Trøym vest har vore avhengig av politiske avklaringar i høve innspel frå grunneigarane «Veien videre» - planarbeidet stilt i bero. Plan for Trøym aust avhengig av politisk eigarskap og avklaring i høve lokalisering av sentralskule/ helse.
I Hemsedal vil me at alle som bur, eller ønskjer å bu, skal finne attraktive, varierte og tenlege butilbod.	Framleis vekst i innbyggjartalet – auke på 20 frå 2422 til 2442. Ligg på etterskot med å sikre grunnlag for busetnad av flyktningar/vanskelegstilte. Arbeidet med bustadsosial handlingsplan har ikkje starta opp grunna mangel på kapasitet. Utsjekk Hammarøymodellen, som ledd i å sikre busetting av flykninger er gjennomført, men ikkje grunnlag for realisering. Manglande butilbod for sesongarbeidarar.
I Hemsedal vil me dyrke eit nyskapande næringsliv	Ei rekkje tiltak i Strategisk Næringsplan er følgt opp.
I Hemsedal vil me ha ein effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane i kommunen.	Ferdig vedteke trafikktryggleiksplan, og ferdig med underlag for sertifisering av kommunen som trafikksikker kommune.
I Hemsedal vil me at miljøet skal takast vare på slik at landskapsbilete/ landskapet og naturverdiane kan vidareførast til neste generasjon utan forringing. Etablere klimaleiing.	Vedteke planprogram for ny energi- og klimaplan. Planarbeidet i rute. Oppstart av EPC- energioptimalisering av kommunale bygg. Hemsedal – «Norgesmester» i Miljøfyrtårn. Etablert energi- og klimareknskap for eiga verksemd, og framtidig målstyring.
Utarbeide eit beslutningsgrunnlag for å reservere nok areal, og økonomi for realisering av sentralskule og følgje opp temaplan Bygdeheim, helsesenter og pleie & omsorg	Det er utarbeide ein mulighetsstudie for ny sentralskule v/ HBU jfr. politisk bestilling. Mulighetsstudien innbefatta og eit forslag på samla løysning for helse, jfr. Temaplan for Bygdeheim, helsesenter som vart lagt fram i økonomiplan for 2017
Helse blir skapt der folk bur – i barnehagen, på skulen, i arbeidslivet, i familien, og i nærmiljøet. Lokalsamfunnet er den viktigaste arena for folkehelsearbeidet.	Ferdig oversiktsdokument for folkehelse, og gjennomført løpande tiltak til fremme for folkehelse – inkl. ungdata undersøking.

4 Medarbeidarperspektivet

4.1 Seniorpolitikk

Hemsedal kommune er med i eit forskingsprosjekt der Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) er sentrale saman med IA rådgjevarar både frå Aust - Agder, Buskerud og Telemark. Prosjektet har som hovudmål å behalde tilsette lenger i arbeid, og retter seg mot tilsette 50 Prosjektet vil strekke seg inn i 2017.

Hemsedal kommune ønskjer at prosjektet skal bidra til god kunnskap om kva som skal til for å behalde verdifull kompetanse, samt få tilsette til å stå lenger i arbeid.

4.2 Turnover

Jf KS sin PAI statistikk har Hemsedal ein turnover på gj.snitt 14 % for dei 4 siste åra. Statistikken skil ikkje ut om det er naturleg avgang ved pensjon, avslutting av mellombelse stillingar m.v.

Tabell 6 Ansatte innen forvaltning i Hemsedal kommune. Etter sektor*

Endring i sektor og/eller kommune fra 1. desember et år til 1. desember neste år.
Gjennomsnittstall i prosent for årene 2012 til 2016.

Sektor	Sum	Samme kommune	Samme kommune og samme sektor	Samme kommune, men annen sektor	Annen kommune	Ikke ansatt i kommunal forvaltning
I alt	100	86,00	83,63	2,37	1,89	12,11
Administrasjon	100	93,18	88,64	4,55	0,00	6,82
Undervisning	100	83,84	79,46	4,38	3,37	12,79
Barnehager	100	78,79	76,26	2,53	1,52	19,70
Helse/pleie/omsorg	100	88,42	87,63	0,79	1,32	10,26
Samferdsel og teknikk	100	92,75	92,75	0,00	2,90	4,35
Annet	100	88,00	88,00	0,00	0,00	12,00

*Grupperingen er basert på KOSTRA funksjonskode

Kilde: KS' PAI-register.

Tabell 7 Ansattgrupper innen forvaltning i Hemsedal kommune

Endring av ansattgruppe og/eller kommune fra 1. desember et år til 1. desember neste år. Gjennomsnittstall i prosent for årene 2014 til 2016

Kapittel	Ansattgruppe	Sum	Samme kommune	Samme kommune og samme ansattgruppe	Samme kommune, men annen ansattgruppe	Annen kommune	Ikke ansatt i kommunal forvaltning
Alle	Alle	100	87,23	77,37	9,86	2,13	10,64
3	Alle	100	93,33	46,67	46,67	0,00	6,67
3.4.	Alle i kap.3.4	100	93,33	46,67	46,67	0,00	6,67
4	Alle	100	86,09	78,15	7,95	2,21	11,70
	Ledere kap. 4	100	96,43	64,29	32,14	0,00	3,57
	Stillinger uten særskilt krav om utdanning	100	84,38	77,34	7,03	0,00	15,63
	Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	100	84,87	81,51	3,36	3,36	11,76
	Stillinger med krav om høyskoleutdanning	100	86,00	78,00	8,00	3,00	11,00
	Lærer	100	100,00	100,00	0,00	0,00	0,00
	Stillinger med krav om høyskoleutdanning med ytterligere spesialutdanning	100	66,67	66,67	0,00	0,00	33,33
	Adjunkt	100	91,67	79,17	12,50	4,17	4,17
	Adjunkt med tilleggssutdanning	100	90,24	82,93	7,32	2,44	7,32
	Lektor med tilleggssutdanning	100	33,33	33,33	0,00	33,33	0,00
5	Alle	100	97,06	94,12	2,94	2,94	0,00
	Ledere	100	100,00	50,00	50,00	0,00	0,00
	Andre	100	96,88	96,88	0,00	3,13	0,00

Kilde: KS' PAI-register.

4.3 Kompetanseutvikling

Det blir lagt til rette for kompetanseutvikling for å møte nye utfordringar, og den enkelte legg ned ein betydeleg eigeninnsats. Det er gjennomført mange nødvendige kurs og oppdateringar innan dei ulike

fagområda. Fleire ufaglærte har fått fagbrev eller er under utdanning. Kommunen har lite midlar til formålet, men innan enkelte området har kommunen søkt og fått statlege midlar.

I 2016 har kommunen mellom anna hatt tilsette på:

- Plan og bygningsrett – lovgjeving og praksis
- Opplæring innan HMS- stressmeistring
- Opplæring og kurs for nytilsette
- Vidareutdanning for lærarar, samt rektor og styrarutdanning
- Leiarutdanning for rådmann
- Vidareutdanning innan familieterapi, Livstyrketrening, geriatri, kognitiv terapi og palliasjon
- Regional prosjekt med kompetanseheving innan autismespekteret.
- Fleire tilsette som har tatt fagbrev.

4.4 Fråvær

I forhold til kommunesektoren har Hemsedal kommune eit lågt sjukefråvær. Kommunen arbeider systematisk med mål om redusert sjukefråvær. Vi har eit gjennomsnittsfråvær for 2016 på 6,12 %. Det er ca 1% nedgang frå 2015.

4.5 Likestilling

Fordeling mellom kvinner og menn totalt er om lag på det som er gjennomsnitt for kommunane.

Det er eit mål om å auke talet på menn innan oppvekst og helse og omsorgsetaten. Vi er ei lita kommune med stort mangfald som legg vekt på lik behandling uansett rase, religion eller etnisitet.

Tabell 5
Prosent av antall kvinner og menn i ulike sektorer i Hemsedal kommune
Pr. 1.12.2016 basert på PAI-registeret. Tabellen inneholder bare hovedstillinger.

Sektor	Antall		Andel (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	193	50	79	21
Sentraladministrasjonen	14	1	93	7
Oppvekst	88	13	87	13
Grunnskole	49	8	86	14
Barnehager	34	3	92	8
Fritidshj/skolefritidsordn	2	1	67	33
Barnehj/andre inst bu	1	0	100	0
Øvrig oppvekst	2	1	67	33
Helse/sosial	72	16	82	18
Alm helsevern	14	3	82	18
Alders- og sykehjem	30	3	91	9
PU	10	8	56	44
Hjemmehjelp/-sykepleie	18	2	90	10
Kultur	3	1	75	25
Teknisk sektor	15	19	44	56
Ymse	1	0	100	0

Måloppnåing 2016	
Gode resultat gjennomført, nært gjennomført eller i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Manglande resultat – ikkje gjennomført	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	
Godt leiarskap, arena for tverrfagleg samarbeid.	Gjennom IA- prosjektet deltek så å seie alle leiarane på «leiarutvikling». Innan oppvekst har fleire gjennomført rektor- og styrarutdanning.
Rekruttere og behalde arbeidstakarar ut frå kommunen sine behov. Auke grunnbemanninga med faste vikarar, for å avlaste vikarbehovet.	Innan barnehage er det tilsett 2x 50 % faste vikarar Innan helse og omsorg er det 50 % stilling som fast vikar. I tillegg er det fleire som har mellom 5-20 % stilling som fast vikar. Vikarane dekkjer inn delar av vikarbehov ved ferie, sjukefråvær og permisjon.
Nærvær «Det er viktig å bry seg om og ta vare på kvarandre»: Hemsedal kommune er ei IA bedrift og i kommunen sin IA-handlingsplan for åra 2014 – 2019 har vi eit mål om å jobbe aktivt for at fråværet ikkje skal overstige 5,6 %, dvs. ein nærværprosent på 94,4 %.	Sjukefråværet i 2016 var på 6,1 %. Det er ein reduksjon i sjukefråværet frå 2014 til 2016 med 0,94 %.
Auka fokus på HMS-arbeid, og utarbeiding av årshjul med informasjon og opplæring.	HMS –hovudbok vart revidert i 2016 med årshjul. IA-prosjekt 50 + er gjennomført. Ny avtale med Min Bedriftshelsetjeneste.

5 Tenesteperspektivet

5.1 Kundekontakt - service - tenestetorg

Hemsedal sitt felles servicemottak er tenestetorget som gjer informasjon om kommunale tenester og generell informasjon om Hemsedal – ansvar for heimesider, intranett, telefoni, velkomstbrev til nyinnflyttarar, handsaming av valavvikling, eigenfråsegn om konsesjonsfritak og saksbehandling for sal- og skjenkesaker med meir. Frå 26/1- 29/4 vart førespurnader og gjeremål via telefon eller skranke loggført. Oppgåver og førespurnad via epost har ikkje vorte loggført/tatt med i denne statistikken. Det er sett opp ei oversikt både på telefon og på manuelle oppgåver, ta kontakt om de ønskjer meir informasjon om desse.

Samla oversikt:

38% - Teknisk etat	10% - Helse og omsorg
7% - Kultur og oppvekst	14% - Intern service
7% - Økonomi	13% - Ekstern service
1% - Kyrkje	10% - Stab

Under er tabell som visar nøkkeltall for telefon, heimeside og facebook. Det er ein auke i antal kundar som nyttar heimesida, samt tidsbruk. Det er ikkje vorte målt antal motteke og sendte epostar.

Nøkkeltall	2015	2016	Endring i %
Tal på besvarte telefonar	8 521	8 410	-1,3%
Servicegrad telefonar	89,8	90,2	0,45%
Tal på gjester på heimesida*(1.1-31.8)	30 019	42 946	43%
Gjennomsnitt besøkstid heimesida*(1.1-31.8)	3,41	3,51	2,9%
Facebook ant. følgere	-	921 **	-

*web statistikken var nede frå 1/9- til 15/11 2015. Tala i oversikten gjeld frå 1.1 til 31.8.15

** Facebookstatistikk kan berre hentast 28 dg tilbake i tid. 921 følgjarar gjeld frå 1/3-16 til 28/4 -17.

5.2 Fokusområde barn og unge

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Arbeidsmål for barn- og unge	Manglande resultat – ikke gjennomført
God psykisk helse blant barn og unge	Barnehagen har prosjekt «Være sammen» som skal styrke barn, foreldre og personalet sin psykiske helse. Elevundersøking viser generelt god trivsel i skula.
Styrke foreldrerolle, foreldresamarbeid og foreldreengasjement.	Arranger temamøter i barnehagen om foreldrerolla og barna sine behov,- kurs i «trygghetssirkel». Det er gjennomført K&G samt at det er oppretta nye foreldremøter i 5. klasse som skal styrke nettverkene og overgangen til HBU. Helse og omsorg har hatt prosjektstilling som familiekonsulent. Barnehagen har gitt oppfølging av barn frå andre kulturar, og utvikla nye retningslinar for mottak av nye «landsmenn» i skulen. Ny handlingsplan mot mobbing er i ferd med å bli avslutta. Skulen gjennomfører jente- og guttegrupper i ulike klassar, og starta med felles lunsj tre gonger i halvåret for å styrke samhaldet og vi-kjensla for barn og unge ved mottaka.
Tidleg innsats på alle alderstrinn med fokus på meistring	Tidlig innsats er implementert som ei arbeidsmetode i barnehagen via Felles løft og KUPP. Felles løft-prosjektet (begrepstrening og lesekurs) er etablert som praksis i 5.-10. kl.
Betre tverrfagleg og tverrsektoriell innsats i arbeidet med barn og unge	Samarbeidsgrupper med helsesøster og sosiallærer - tverrfaglege møter er gjennomført 5 gonger. Det har vore jobba med kartlegging av tenestetilbod og kompetanse i kommunen.
Barn, unge og foreldre opplever gode og trygge oppvekstarenaer med meningsfylte aktivitetar	Uteliv og bruk av naturbaser i barnehagen. Turar og aktivitetsdagar. Gjennom kroppsøvfingsfaget vert det lagt vi til rette for at alle kan bidra i fysisk aktivitet på ein positiv måte. Fokus på rett kosthald. Kjærighet og grenser, med m.a. aktivitetar for elevane og foredrag av SLT-koordinatoren for elevar og føresette i 10. kl.
Redusere fysisk inaktivitet og vektproblematikk. Redusert bruk av tobakk, rusmidlar og vekstpreparat.	
Ny Ungdataundersøking	Utsatt til tidlig vinter 2017, på grunn av at ein skulle ha felles undersøking i Buskerud
Tverrsektoriell gruppe vurderer tiltak på bakgrunn av gjennomførte undersøkingar	
Tilbod om å styrke foreldrerolla med tilbod om ICDP blir gjennomført på fleire årstrinn	Gjennomført to ICDP- kurs i 6 klasse. Foreldre- temakveldar i 3. på Tuv og 5. på HBU
Revidering av mobbeplan i skulane	Ikkje gjennomført

5.3 Helse og omsorg

Dette tenesteområde gjeld Helse og omsorgsetaten rapporterer si drift på verksemdnivå. Dette gjeld samla for etaten, koordinerande eining, Institusjon og heimebaserte tenester, Bråtenjordet, Helsestasjonen, Psykisk helse, Legetenesta, og Fysioterapi.

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikkje gjennomført
Styrke tverrfagleg samarbeid ved å vidareutvikle fleirfagleg team og opprette ressursgrupper for brukarar med behov for samordning av tenester	Det er oppretta ressursgruppe/ team for områda Dementsteam- utvida og «Kvardagsrehabilitering». I tillegg er det mange regionale faggrupper og prosjekt som kommunen deltek i, m.a autismeprosjektet.
Utvikle tenester ved hjelp av ny velferdsteknologi.	Hallingdalsregionen har sett ned ei prosjektgruppe. Det er avtalt at Hallingdal kan vere «bisittar» i Kongsbergsregionen.
Opprette tverrfagleg kompetansegruppe for kvardagsrehabilitering både innan somatikk og psykisk helse.	Deltek i KS effektiviseringsnettverk innan kvardagsrehabilitering. Det er sett ned ei ressursgruppe og det er starta med heimetrenerar i heimetenesta.
Vidareutvikle etisk refleksjon i alle einingane	Praktiserer erfaringar frå KS effektiviseringsnettverk i enkelte einingar ved personalmøter. Må systematiserast vidare implementering.
Styrke tverrfagleg samarbeid i høve til førebyggjande arbeid for barn og unge gjennom å delta i følgjande prosjekt • Kjærlighet og grenser • Barn i rusfamiliar • Lekprosjekt • Styrke foreldrerolle m. a. gjennom kurs i ICDP og godt samliv, «kjærlighet og grenser • Vidareutvikle FUA- Fysisk aktivitet for inaktive barn og unge	Kjærlighet og grenser er blitt eit etablert tilbod på 7. trinn. Psykisk helse har delteke på kurs vedr barn og rus. Det har ikkje vore nok ressursar til å vidareutvikle programmet «barnet i rusfamilie». Lek prosjektet blir gjennomført i barnehage og skule. Det er gjennomført ICDP : • Barnehage • 6. klasse • Asylmottak- prosjekt gjennom UDI • Foreldregruppe på tvers av aldrar – prosjektmidlar frå Helsedirektoratet
Utvikle aktiv omsorg og dagsenter aktivitetar	Kjøpt «Inn på TUNET» tilbod for enkeltbrukarar. Psykisk helse har tilbod om dagsenter på onsdag. Det er oppretta brukarstyrt aktivitetstilbod ein tysdag i månaden for eldre. Det har ikkje vore nok ressursar til å oppretthalde middagsgruppe.
Styrke brukarmedverknad og ha eit godt samspel i utforming av tenester mellom tenesteytar, tenestemottakar og føresette/pårørande	Det er fokus på dette i alle einingane, men det er område som det vi kan bli enno betre på.
Styrke kompetanse hjå personell for å kunne gje god informasjon, opplæring og rettleiing for brukarar og pårørande	Det blir jobba regionalt med lærings og meistringstilbod og pårørandeskuler innan både somatikk, Friskliv og psykisk helse.
Utvikle samarbeidet med frivillige organisasjonar om helsefremjande aktiviteter	Det er innarbeid forslag i regional handlingsplan for folkehelse. Det har vore for liten kapasitet for å jobbe systematisk med dette.
Utvikle i samarbeid med andre tenester gode pasientforløp og saumlause tenester	Det blir jobba regionalt og gjennom kommunehelsesamarbeid.
Ferdigstille handlingsplan mot vold i nære relasjonar	Det blir jobba med ein felles handlingsplan i Hallingdal. Planlagt ferdigstilt i 2017
Arbeid med helse og omsorgsplan skal settast i gong, der tidlegare del og fagplanar blir inkludert	Arbeidet med handlingsplan har ikkje starta opp grunna mangel på kapasitet.

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikke gjennomført
Tal på tilsette med fagkompetanse og videreutdanning skal aukast i samsvar med kompetansebehov og kompetanseplan	Fagskuleutdanning: Helsefagarbeiderens ABC/ helsefagarbeider og Demensomsorgens ABC Kompetanseheevande tiltak; Alert Gjenklang, Barnet og Rusen, ICDP Vidareutdanning: Kognitiv terapi, Fysioterapi, Livstyrkemestring, Friskliv, Familieterapi – KE, Geriatisk vurderingskompetanse, Palliasjon
I samarbeid med tillitsvalte og verneombod utarbeide fleksible og gode arbeidstidsordningar som tek vare på brukarane og tilsette sine behov. Gi best mogleg kvalitativ og effektiv tenesteyting.	Det er innført prøveprosjekt med «hinkehelg». For at tilsette skal få auka stillingstorleik har enkelte avtale om at delar av stillinga er fast vikar. På Bråtenjordet er det gjennomført ei stor omlegging i grunnturnus som både gir betre kvalitet og føresettlege tenester, men som og er ressursparande. Det er faste møtearena med leing, tillitvalte og verneombod.
Styrke og utvikle tenestene gjennom prosjektarb.	Det blir søkt både kommunalt og regionalt på prosjekt - delteke på følgjande prosjekt; • Autismeprojekt • Aktiv hørselomsorg • Familekonsulent • Aktivitetstilbod rett etter skuletid • Psykolog i kommunen • Dagtilbod for demtene- inn på tunet
Ta i bruk og vidareutvikle elektronisk arbeidsplanverktøy, mobil datakommunikasjon for arbeidslister og journalføring.	Ressursstyring og mobil pleie er tatt i bruk på Bygdaheimen, heimeteneste og Bråtenjordet. Ressursstyring blir brukt og i jordmortenesta. Digital vaktbok blir først tatt i bruk i 2017
Gjennomføre ROS- analyser	Arbeidet med revidere ROS-analyser er ikkje gjennomført på alle områder grunna mangel på kapasitet.
Styrke og utvikle samhandling mellom helse og omsorg, oppvekst, NAV og Barnevern – tidleg intervensjon	Det er gjennomført kartlegging av oppgåvefordeling og kompetanse.
Ha eit funksjonelt kvalitetssystem	Det er for liten kapasitet til å jobbe systematisk med kvalitetssystem.

5.3.1 Helse og omsorg- Koordinerande eining

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikke gjennomført
Prioritere tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid	Er godt ivaretatt mange lokale og regionale forum
Skape gode dagaktivitetar og sysselsetting for personar med psykisk utviklingshemming	Har tilbod hjå IPT-tilbydar og noko i bedrift. Må vidareutviklast.
Prioritere kvalitets- og fagutviklingsarbeidet	Er dessverre noe nedprioritert pga av mange andre oppgaver.
Systematisere e-læring og internopplæring	Har system for noe e-læring, men det er større potensiale her

5.3.2 Helse og omsorg- Institusjon og heimebaserte tenester

		Måloppnåing 2016
		Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
Handlingsplan - resultatmål – tiltak	Manglande resultat – ikkje gjennomført	
Styrke dagtilbod/ aktivitetstilbod både for dei som bur her, men og heimebuande og deira pårørande som treng avlastning på dagtid. Utvikle eit «Inn på tunet» tilbod for ynge personar med demens.	Oppretta dag-/avlastningstilbod på bygdaheimen x 2 pr veke. Førebels ikkje satt av nokon fast stilling til dette. Aukande behov for dagplass, og tilpassa aktivitet. Ikkje vore tilbod om «Inn på tunet» for personar med demens.	
Vidareutvikle sansehage.	Det er ikkje tilstrekkeleg ressursar til vidareutvikling.	
Styrke kompetanse og samarbeide på tvers for å gje eit godt tenestetilbod for dei som har demenssjukdom, psykiske lidingar, geriatri, palliasjon eller treng rehabilitering.	Etablert et samarbeide på tvers av einingar, men må styrkast og jobbast vidare med. Fokus på å nødvendig kometanse innan områda - etablert demensteam, samt prosjekt innan kvardagsrehabilitering og psykisk helse hjå eldre.	
Styrke kompetanse, prosedyrar og kartleggingsverktøy for å førebyggje underernæring, og feilernæring.	Fleire tilsette har delteke på ernæringskurs, og kartleggingsverktøy er tatt i bruk på sjukeheimen og er på planleggingsstadiet i heimebasert. Det er etablert eigen ernæringsgruppe.	
Oppsøkjande og førebyggjande teneste for alle personar over 75 år	Utarbeidd rutinar og informasjonsmateriell. Vert sett i verk etter at prosjektperioden med kvardagsrehabilitering er over.	
Samarbeid med psykisk helse – få i gong miljøarbeid/ behov for tilsyn og hjelp kveld/helg	Starta prosjektsamarbeid mellom psykisk helse og heimeteneste vedr. psykisk helse og eldre – vert vidareført.	

5.3.3 Helse og omsorg- Bråtenjordet

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Manglande resultat – ikkje gjennomført	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	
Tilpasse tenester og kompetanse ut i frå den einskilte brukaren sitt behov .	Alle brukarar ved Bråtenjordet har individuelle tenestetilbod basert på vedtak. Tilbodet med miljøarbeidar blir tilpassa behova til den einskilte, slik at dei i størst mogleg grad skal få ein god kvardag der dei opplever meistring og sjølvstende. Kvar brukar har ein tiltaksplan som er tilpassa brukars kvardag og behov.
Gode sysselsettings- og aktivitetstiltak	Det blir nytta IPT- tilbod enkelte dagar. Det må jobbast vidare med tilrettelagte dag og aktivitetstilbod til denne målgruppa.
Systematisk styrking av brukarmedverknad	Brukarar, verje og pårørnde er aktivt med på avgjersler som har innverknad på livet til kvar brukar. Dette vert sikra i ansvarsgruppemøte og samarbeidsmøte. Stemma og ønske til kvar brukar er også ein avgjerande faktor i det daglege miljøarbeidet på Bråtenjordet, for å sikre brukarmedverknad.
Barn og unge i skole – samarbeid mellom tenestene for å få god samordning	Det er godt fungerande tverrsektorielle samarbeidspersonal og ansvarsgruppemøter. Dette sikrar eit godt samarbeid og gir god flyt og samkøyring mellom skule og avlastning.

5.3.4 Helse og omsorg- Helsestasjon

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Manglande resultat – ikke gjennomført	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	
Helsestasjonen må ha tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse til å jobbe med førebyggjande tiltak og tidleg intervensjon både innan: • Skulehelseteneste • Råd og rettleiing i heimen • Oppfølging av nyfødde, småbarn og foreldre • ICDP/ foreldrerettleiing • EDPS	Det har ikkje vore tilstrekkeleg med ressursar i helsestasjon til å jobbe systematisk med førebyggjande tiltak og tidleg intervensjon. Gode innanfor ICDP/EDPS - prosjekt med familiekonsulent i samarbeid med psykisk helse
Fleirkulturell kompetanse • Førebyggjande arbeid med råd og rettleiing til barnefamiliar. • Kjønnsslemlestelse	Middels ivaretatt. Har 100 % ressurs som jobber mot mottaka i Hemsedal. Har i tillegg brukt, familiekonsulent, ICDP i tillegg til vanlig oppfølging.

5.3.5 Helse og omsorg- Psykisk helse

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Manglande resultat – ikke gjennomført	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	
Vidareutvikle dagsentertilbod og sosiale møtearenaer for ulike brukargrupper	Satsing på barn og unge i samarbeid med oppvekstsektor og KE har vert vellykka. Erfaring og kartlegging har ført til ønske om meir satsing på friluftsliv, dyr, natur og brukarinvolvering
Vidareutvikle tenesta med førebyggjande arbeid samt vere eit lågterskeltilbod for dei som har behov.	Kompetanseheving mtp verksame faktorer i arbeid med familier, forebygging av rus- og psykisk helseproblemer. Utfordrende å skape endringer likevel.
Styrke kompetansen og vidareutvikle tenesta innanfor rusomsorg i samsvar med behov og tiltak vedteke i rusmiddelpolitisk handlingsplan.	Gjennomført interkommunal satsing på kompetanseheving «barnet og rusen» samt «kjærlyhet og grenser». Styrke kompetanse på førebygging, mindre på spesifikk rusbehandling. Gjennomført av rus-seminar i samarbeid med RIO (brukarorganisasjon) - vert vidareført.
Gjennom prosjekt vurdere tiltak som «Inn på tunet»- brukartilsettingar for igangsetting av ulike lågterskeltilbod- prosjektsøknad	Avslutta – ingen prosjektmidlar.
Samarbeid med heimeteneste – få i gong miljøarbeid/ behov for tilsyn og hjelp kveld/helg	Svært god måloppnåing, trengs vidare arbeid for å sikre synergier til begge einingene.
Samarbeid med fysioterapi og friskliv med lågterskeltilbod	Variert ila året, med storleik på felles brukargruppe, og kapasitet til oppfølging.
Utvikle interkommunalt samarbeid, samt samarbeid med spesialisthelseteneste – i samsvar med prosjekt «Hallingdal lokalmedisinske tenester	Det arbeidast med å vidareutvikle interkommunale tiltak gjennom «Samhandlingsforum for psykisk helse og rus i Hallingdal». Fleire prosjekt planleggjast /er sett i gong. Eks. arbeid og psykisk helse, involvering av brukarorg.

5.3.6 Helse og omsorg- legeteneste

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat - rundt lands gjennomsnitt	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikke gjennomført
Vurdere kommunelegen sin rolle og ansvarsområde både lokalt eller ved interkommunalt samarbeid for å imøtekome samfunnsutviklinga.	Samarbeid om felles kommuneoverlege for Nedre Hallingdal er drøfta og skrinlagt. Arbeidet med å avklare kommunelege og kommuneoverlege sin rolle i Hemsedal må vurderast i 2017.
Vurdere tal på fastlegeheimlane/bemanning av legar på vinterstid for å imøtekome etterspurnad etter legeteneste, belastning på legevakt og krav til samarbeid med andre tenester.	Det er meldt behov for den 4. lege. Dette må sjåast i samanheng med løysing på interkommunal legevakt som er under utgreiing.
Gjennomføre ei analyse korleis legevakta i Hemsedal skal organiserast lokalt og interkommunalt med tanke på personell og utstyr.	Interkommunal legevakt er under utgreiing gjennom regionrådet.
Tilpasse timetal for tilsynslege ved sjukeheim etter behov og kommunelege spesielt innan psykisk helse og smittevern	Har lågare legedekning på sjukeheim enn landsnitt. Blir vurdert regelbunden. Psykisk helse samarbeider med den enkelte fastlege ved pasientoppfølging. Pt er hovudansvaret for smittevern lagt til kommuneoverlege.
Revidere helsemessig og sosial beredskapsplan og smittevernplan	Arbeidet med revidere handlingsplanane er ikkje gjennomført på alle områder grunna mangel på kapasitet.

5.3.7 Helse og omsorg- Fysioterapi

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat - rundt lands gjennomsnitt	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikke gjennomført
Korte ventelister og raskt tilbod om førstegongsvurdering.	Det blir jobba systematisk med å ha korte ventelister. Gjennom året er gj.snitt 14 dagars venteliste.
Vidareutvikle gruppetrening for ulike grupper som eit supplement til behandling. Tilby fysisk aktivitet som eit ledd i dagsenteraktivitet, fysisk aktivitet	Etablert gruppetreningstilbod- kommunalt tilbod på ei rekkje områder som artrose-, kne og hofta, slyngegrupper. I tillegg er det grupper som er retta meir mot eit fallførebyggjande grupper og trening for eldre/ seniordans.
Tilby bassengtrening gjennom fysioterapi og friskliv for bestemte brukargrupper som eit ledd i førebyggjande arbeid	Det er tilbod om bassengtrening på Nesbyen; • Henvisningspasienter ein gong pr veke. • Tilbod gjennom Helselag/ frivilligsentral 1 gong pr veke. • Eigne tilbod til enkelte brukarar
Sikre eit forsvarleg kommunalt hjelpemiddellager	Hjelpemiddellageret har dekt behov, men det er lite formålsteneleg lokalar.

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat - rundt lands gjennomsnitt	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikke gjennomført
Samarbeid med andre einingar, dei andre kommunane i Hallingdal og frivillige lag og organisasjonar om tilbod innan Friskliv og førebyggjande tiltak for alle aldersgrupper , ikkje minst innan kosthald, røykeslutt og livstilsending.	Det er gitt gruppetilbod om røykeslutt og tilbod om kosthaldskurs. Det er etablert eige gruppetreningstilbod i samarbeid med psykisk helse, nav og friskliv Det blir samarbeidd regionalt om ein del førebyggjande tiltak.
Undersøking, vurdering og behandling vedr. tryggleik rundt barnet si bevegelsesutvikling	Det blir gjennomført undersøking av baby ved 4. månaders alder og alle 1.klassinger både fin og grovmotorisk. I tillegg er det motoriske undersøkingar og tiltak for barn i alder 0-15.
Rettleiing og trening for barn med nedsett funksjonsevne	Det blir gitt individuell oppfølging og tilbod om bassengtrening
Rettleiing og rådgjeving til foreldre, barnehagar og skule vedr. fysisk aktivitet og stimulering av barn si bevegelsesutvikling	Skulehelseteneste: undersøking av alle 1.klassinger - fin og grovmotorikk. Motoriske undersøkelser og tiltak for barn i alder 0-15. Undersøking av alle 4mnd. (4mnd kontroll) deltaking i ansvarsgruppemøter.
Treningstilbod for barn og unge med vektspenematikk.	Det er ikkje starta med gruppetreningstilbod. Enkeltpersonar har individuell oppfølging.

5.4 Kultur og oppvekst

Dette tenesteområde gjeld barnehage, skule, kulturskulen, vaksenopplæring, Hemsedal Folkebibliotek, Ungdomsråd, ungdomsklubben, og Ålment kultur.

5.4.1 Barnehage

	Måloppnåing 2016	
	Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål – Barnehage	Manglande resultat – ikkje gjennomført	
Barn skal kunne utvikle seg i trygge psykosos. miljø. Implementere programmet «Være samen» og vidareføre KUPP.	Implementering: Denne er godt i gang. Det er innført tryggleikssirkelen (Cos), som har vore eit fokusområde i foreldresamarbeid – tema born som utfordrar oss, konflikthandtering, danning/ kulturelt mangfald	
Bruk av digitale verktøy i barnehagen.	Ikkje kapasitet til oppfølging – vert skuvd til 2017	
Gode framtidige barnehagebygg, bygd for formålet – ønske om utviding av avd.	Lokala må vere funksjonelle til denne type drift.	
Plass til alle søkjarar ved hovudopptak.	Alle fekk tilbod ved hovudopptak - «Alle barn har rett til plass i Hemsedal sine barnehagar, etter at dei har fylt 1 år. Barn over 1 år skal være garantert plass seinast 3 månader etter innsendt søknad.»	
Ha/behalde/auke del tilsette i barnehagen med naudsynt kompetanse - mål om to pedagogar per 9-18 barn.	Det har vore færre på dispensasjon som pedagogiske leiarar. Dette er ei målsetting som barnehagen har, og som må lyftast politisk.	
Spesialpedagogisk utdanna personale, mellom anna logoped. Spesialpedagog skal ha barnehagelærarutdanning med spesialpedagogikk som tilleggsutdanning.	Det har vore gjeve eit logopedtilbod til born som har enkeltvedtak.	
Alle assistentar er/vert barne- og ungdomsarbeidarar. Kontinuerleg ha lærlingar. Fleire menn i barnehagane, for å behalda og rekruttere - viktig med fagleg nettverk.	Ein assistent tok fagbrev i 2016. Me hadde ein lærling i 2016. Dette er fortsatt eit mål. Nettverket MIB (Menn i Barnehage) har faste møter.	
God samhandling mellom verksemdar og etatar med fokus på tidleg innsats for barn og unge.	Tverrfaglege møter, koordineringsgruppa for barn og unge, fast samarbeid mellom barnehage og skule, nettverkssamling for barnehagar med PPT, tett samarbeid med helsestasjon.	
Utarbeide KS-system.	Dagens kvalitetssystem kan forbeistrast – vert jobba med.	

5.4.2 Skule

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål – skule	Manglande resultat – ikkje gjennomført
Tilrettelegging for ordinær og tilpassa opplæring - «Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunniq vurdering.»	Administrasjonen har sett inn tiltak gjennom større fokus på tett oppfølging innanfor tilpassa opplæring. Det krev at ein gjer organisatoriske endringar og at klassane ikkje er for store. Frå hausten blei det oppretta oppdragsavtale med logoped frå Lærdal.

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål – skule	Manglande resultat – ikkje gjennomført
Aktiv oppfølging av ulike prosjekt til eks. relasjonsskulen, ungdomstrinnsatsing, begrepsundervisning - gjennom «Felles Løft» snu spesialpedagogisk innsats frå ungdomstrinnet til dei yngste elevane.	Det er jobba mykje med å revidere dei lokale fagplanane etter staten sine skjerpa krav om planarbeid og dokumentasjon av gjennomført undervisning. Dette arbeidet er ferdigstilt HBU, mens Tuv og Ulsåk vil starte opp revidering av sine fagplanar etter tilsyn i 2017 slik at dei heng saman med 5.- 10 trinn. Alle tre skulene er no med i «Felles løft Steg 3» som tek for seg språkvanskar og lesestrategiar – det er utarbeide gode tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Skulane bruker «skulevandring» som metode for å utvikle ein lærande skule.
Møte krav til forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leing – oppretthalde det faglege nivået hjå tilsette.	Skuleåret 16/17 er fleire lærarar innanfor den statlege satsinga. Kommunen betalar reise, bøker og opphald for dei som er under utdanning. Alle dei tre rektorane i kommunen har gjennomført skuleleiarutdanning. Rådgjevaren ved HBU gjennomfører siste del av masterutdanninga i 2017. Skulane nyttar så langt dei klarer, dei moglegheitene dei har til vidareutdanning av lærarar. Det er skuleeigar som har ansvaret for at kompetansekrava er oppfylt.
Auka bruk av digitale verkty er eit krav i læreplanen i alle fag på alle trinn.	Løysingane om investeringsmidlar til pc’ar og interaktive tavler er gjennomført med svært gode tilbakemeldingar frå lærarar og elevar. På Tuv og Ulsåk er det ikkje ressursar eller kompetanse til å sette opp nye pc’ar. Det har vore utfordrande å samarbeide med IKT Hallingdal om dette. Det trådlause nettet på Tuv og Ulsåk er ustabil.
Tilfredsstillande symjetilbod for elevar på 1.-4. trinn	Tilbod ved Torpe skule er nytta sidan det var umogeleg å få til leigeavtale med Gol. Ulemper med lang reiseveg, som tek undervisningstid.

5.4.3 Ungdomsrådet

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Arbeidsmål for ungdomsrådet	Manglande resultat – ikkje gjennomført
Arbeidet med å få igjennom eigne saker - stå på krava for ungdommen.	Ungdomsrådet har fleire gonger kome med innspel til ulike planar på høyring (trafikktryggleik i bygda vår, fritidsaktivitetar og korleis ein best mogeleg skal forme Hemsedal i framtida). Rådet har hatt 6 møter, og handsama 36 saker. Rådet har gjeve innspel til Alkoholpolitiske retningslinjer, omdømmebygging for bygda, «Bry deg», vedtekter klassetur Polen, skulestruktursaka, og områdeplan Trøym vest. Rådet har representantar i Hallingdal ungdomsråd, som har behandla transport for ungdom i Hallingdal, skjenkekontroll i daglegvarebutikkar og bensinstasjonar, skummelt oppdrag, reflekskampanje og ungdomskonferanse.
Kommentere planar og gje råd til politikarar og administrasjon.	
Stimulere til auka engasjement blant ungdommen. Engasjere ungdomen i viktige saker og skape forum/arena for dette.	

5.4.4 Kulturskulen

Måloppnåing 2016		
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess		
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess		
Arbeidsmål for kulturskulen	Manglande resultat – ikkje gjennomført	
Kulturskulen skal vere eit ressurscenter med tilgjengeleg kompetanse. Det skal vere attraktivt å jobbe i kulturskulen vår, også for lærarar frå andre kommunar.	Kulturskulen har hatt til saman 7 lokale lærarar (musikk, dans, animasjon/teikning, foto og laus/halling) samt 4 frå Gol og Nes (musikk, keramikk og dans). Det er ei utfordring å få kompetanse frå kommunar lenger unna enn Gol til å køyre bil for eigen kostnad/tidsbruk for små stillingsprosentar, som dei fleste kurs er. Det er og ei utfordring å finne utdanna pedagogar innan kunstfeltet, eller å foreslå at tilsette som arbeidar som pedagogar, tek utdanninga og formaliserar kompetansen. Ressursar både i og utanfor Hemsedal er nytta, men ikkje alle har pedagogisk utdanning.	
Utvikle samarbeidet med dei andre Hallingdalskommunane gjennom felleskonserter m.m	Hemsedal kulturskule har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp desse måla.	
Møte auka behov for elevplassar grunna folkevekst og særleg auke i talet på barn og unge. Vidareutvikle tilboda for vidarekomne elevar i musikk- og kulturskulen	Kulturskulen har økt elevtalet frå 84 unike elevar og 112 betalande elevplassar i 2015 til 119 unike elevar og 154 betalande elevplassar ved årsslutt. Det er ein auke på 35 elevar og 42 betalande elevplassar til tross for at Kulturskulekoret gjekk ut av kulturskulen hausten 2016 og ein fast tilsett lærar i 40% permisjon. Ikkje spesielle eller nye tilbod til vidarekomne elevar, men har ikkje motteke nokon ynskjer om det heller.	
Vidareutvikle samarbeid med skulane	Kulturskulen har samarbeida med Ulsåk barneskule om lokalar til musikkundervisning og laus/halling og HBU om lærarkrefter, lokalar og driftsmidlar til keramikk (delt på innkjøp av materialar) og animasjon/teikning (lån av data).	
Arbeide for å kunne gje tilbod til vaksne i kulturskulen.	Det har ikkje vore kapasitet til kurs for vaksne. All fokus har lege på å gje skuleelevane eit godt og variert kulturtilbod. Avtale inngått me forfattaren Bergljot Kaslegard om skrivekurs for vaksne frå januar 2017.	
Utvikle lokale læreplanar jf. ny rammeplan for læringsarbeidet	Grunna turnover og OU- spørsmål har det ikkje vore kapasitet til å starte på å utarbeide med lokal rammeplan. Leiar har deltatt på innleiande møter med vegleiarar frå Norsk Kulturskuleråd, som skal vere pådrivarar for at alle kommunane i Buskerud skal kome i gang med å tilpasse rammeplanen lokalt. Denne vegleiarande møteverksemda held fram til sumaren 2018 så alt ligg til rette for ny leiar og kollegiet frå hausten av.	

5.4.5 Hemsedal folkebibliotek

	Måloppnåing 2016	
	Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Arbeidsmål for Hemsedal Folkebibliotek	Manglande resultat – ikkje gjennomført	
Hemsedal folkebibliotek skal vera ein kulturarena og drive aktiv formidling av kunnskap, kultur og informasjon med fokus på kvalitet, aktualitet og allsidigheit. Biblioteket skal invitere til møter for samtale og debatt, drive formidling, ha arrangement og utstillingar for barn og vaksne.	5 lesesirklar, eit tilbod til vaksne som vil lese og snakke om litteratur. Deltok i lesekampanjen «Sommarles» for barn i barneskulealder der barn skal halde ved like/auke leseferdigheitane sine gjennom sommaren. Prosjekt- deltaking «Buskerudverkstedet» i regi av fylkesbibliotek. Teikneseriekurs med Arild Midtthun og legoverkstad var svært populære arrangement med god deltaking. Utstillingar/aktiv formidling er ein del av løpande drift.	
Aktivitetar for nye hemsedøler – språkkafé, lesesirklar, utstillingar o.a. Vidareutvikle Leseombod – Bok til alle.	Ingen spesielle arrangement/aktivitetar for «nye» hemsedøler. Lite arbeid med tilbodet «bok til alle», og heller ikkje vidareutvikla samarbeidet med leseombod.	
Vidareføre samarbeidet med lag og organisasjonar i Hemsedal.	Trøll i ord, i samarbeid med Hemsedal mållag, 4 barnearrangement og 2 arrangement for vaksne. Variert innhald, med besøk av både lokale og tilreisande forfattarar, forteljarar og musikarar. Samarbeider med lokale lag, organisasjonar og frivillige.	
Styrking av samarbeidet mellom bygdearkiv, bibliotek og museum	Det har ikkje vore arbeidd særskilt med dette.	
Biblioteket skal vere ein fysisk og digital lærestad der tilsette har kompetanse til å imøtekomme krava, jfr Biblioteklova. Fullføre prosjekt studierom: supplere med møblar og it-utstyr og gjere biblioteket sitt tilbod til vaksne studentar betre kjend.	Fjernlånet aukar stadig med gode tilbode for studentar, og folk som tek vidareutdanning. Personalet har ikkje hatt tid til kompetanseheving, og det har ikkje vore økonomiske midlar til å setje inn vikar. Studieromprosjektet er avslutta, utan nødvendig oppgradering av studierommet.	
Tenestetilbod med høg kvalitet, aktuelle og allsidige med nytt tilfang av E-medier og vedlikehald av eksisterande samlingar	Vert løpande følgt opp - krevjande å få nok tid til å halde seg oppdatert. Utlån av e-bøker er ei teneste som aukar.	
Prosjektstilling som oppfølging av biblioteklova med krav til biblioteket som fysisk og digital møteplass, stad for formidling og lærestad noko som krev styrking/ vedlikehald av kompetanse.	For å kome i gang med kompetansehevinga er det naudsynt å kunne setje inn vikar. Det har ikkje vore økonomiske midlar til prosjektstilling - lite deltaking på kurs - framleis behov for kompetanseheving, særleg innanfor formidling.	
Samarbeid med skulane – gjennomgå samarbeidsrutinane. Gjere det lettare å utnytte biblioteket sine ressursar i det pedagogiske arbeidet i skulane. Motivere barn og unge til å bruke nynorsk. Delta i seminar på Felles Løft Steg 3	Biblioteket drifter skulebiblioteka - samarbeidde med skulen om markering av Morsmålsdagen, Verdas bokdag og Nordisk bibliotekveke. Det har ikkje vore gjennomgang av samarbeidsrutinane. Det vert kjøpt inn og formidla nynorsk litteratur. Bibliotekar har delteke på noko av Felles Løft Steg 3.	
Biblioteksamarbeid regionalt og nasjonalt, på tvers av etatar/ forvaltningsgrenser, mellom bibliotek og aktørar i frivillig sektor og mellom bibliotek, arkiv og musé, - skal gjere biblioteket meir tilgjengeleg og synleg.	Det er godt samarbeid mellom biblioteka i Hallingdal - samarbeid om heimeside, katalog og utveksling av efaringar og kompetanse. Biblioteksjefen deltek på jamnlege, regionale biblioteksjefmøter.	
Profilering av biblioteket på heimesida til kommunen og kommuneposten. Biblioteket bør vidareutvikle si eiga heimeside også/fyrst og fremst.	Auka innsats for å vere til stades på sosiale mediar, vidareutvikle digitale tenester, og bruk av heimesida, Facebook og Instagram til å spreie informasjon, kunnskap og leseglede.	

5.4.6 Ungdomsklubben

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Manglende resultat – ikkje gjennomført	
Arbeidsmål for ungdomsklubben	
Vidareutvikle klubben som ein attraktiv, artig, heilt rusfri og trygg plass for ungdomen, med godt psykososialt miljø, og 0-toleranse for mobbing.	Klubben er del av klubbkrets i Hallingdal som jobbar målretta med felles rusfrie ungdomsarrangement i Hallingdal. Kretsen har fått tilskot frå Frifond til drift, og syner stabil stab med dyktige medarbeidarar. Ungdomsklubben framstår som ein attraktiv plass for ungdomen, ein avslappande arena der ungdomar med ulike interesser kan møtast i eit miljø utan stress og prestasjonskrav. Klubben fungerer i tillegg som ein god integreringsplass for ungdom frå asylmottaka. Ungdomar frå Gol finn også vegen til Klubben. Besøkstalet er på mellom 20 og 30 på fredagar og 10-20 på onsdagar. Klubben samarbeider med psykisk helse og kulturskulen.
Vidareutvikle tilbodet med spel og aktivitetar samt utvikle skatepark på uteområdet saman med ungdomen.	
Klubben skal vera innbydande for ungdommen og med godt reinhald og god standard. Ein ønskjer å utvikle klubben som ein viktig arena der bygda sine ungdomar og ungdomar med annan etnisk bakgrunn, etablerer gode relasjonar.	
Lokale og felles rusfrie arrangement for ungdom. Ungdommen skal sjølve delta i drifta av klubben og i planlegging og gjennomføring av arrangement mellom anna UKM.	

5.4.7 Vaksenopplæringa

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Manglende resultat – ikkje gjennomført	
Arbeidsmål for Vaksenopplæringa	
Tilby dei vaksne elevane ei god grunnskuleopplæring og spesialundervisning	Alle dei seks kommunane i Hallingdal samarbeider om grunnskule for vaksne. Frå Hemsedal har det vore 100 elevar, i hovudsak asylsøkarar, som har fått grunnskuleopplæring, spesialundervisning eller arbeid med introduksjonsprogram. Hemsedal har elevar ved Læringssenteret Gol som tek imot opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Alle avtalene mellom læringssenteret og Hemsedal kommune er reforhandla gjennom året.
Finne dei beste møteplassane for denne gruppa elevar der vi kan informere, motivere og tilby undervisning som gir dei den kompetansen dei treng vidare i yrkeslivet.	
Syte for gode vilkår for norskopplæring for minoritetsspråklege og hjelpe våre nye landsmenn til å oppnå ei yrkesutdanning.	

5.4.8 Kultur - ålmenn kultur

Måloppnåing 2016	
Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess	
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Mål for kultur - kommuneplan	Manglande resultat – ikkje gjennomført
Hemsedal kommune vil i sin kulturpolitikk sikre mangfald innanfor kulturlivet og gjennom kultur og idrett styrke kjensla av samhold og fellesskap i bygda.	Hemsedal kommune sin kulturpris for 2016 vart delt ut til Kristin Sletten Thorson for entusiastisk arbeid og utvikling av Biblioteket.
	Kultursalen , er oppgradert og kulturleiar har bidrege til ei vitalisering med utstillingar. Det har ikkje vore avsett driftsmidlar til drift av salen. Hemsedal Kino fått eit godt oppsving og vorte ein viktig kulturell møtestad med gjennomsnittleg 79 besøkande på kvar kinoframsyning. Dei hadde 29 forestillingar med eit samla besøk på 2286 personer
	Kyrkja og øvrige trussamfunn/livssynsorganisasjonar er viktige kulturbærarar i Hemsedal. Alle trus- og livssynssamfunn får same tilskot per medlem. Det er utbetalt til 21 forskjellige organisasjonar.
	Hemsedal Historielag driftar Bygdearkivet på vegne av Hemsedal kommune. Historia er dokumentert med både bilete, film og nedskrive materiale. På Digitalmuseum.no er det lagt ut 4000 bilete frå Hemsedal.
	Kommunestyret gjorde vedtak om vidareføring av Bygdeboka i sak 140/11. Ei Bygdeboknemnd vart oppnemnt og utarbeidde forslag til gjennomføring, to bøker i tillegg ei registerbok. Det er av stor interesse for innbyggjarane i Hemsedal og deira etterkommarar at Flataboka vert vidareført. Det vart ikkje prioritert i budsjett for 2017.
	Stiftelsen Hallingdal Musem er ein samarbeidspartnar som tek spesielt vare på Hemsedal bygdatur . Det er laga eigen skjøtelsplan. Hallingdal museum er ein del av Buskerud musea der målet er å oppretthalde og utvikle museumsdrifta.
	Buskerud Teater tidlegare Hallingdal teaterverkstad, yter hjelp til teaterarbeid i skule og i frivillige lag og organisasjonar. Dei har bidrege bl.a. ved Ibsenprosjektet ved HBU.
	Hemsedal har elles mange gode arrangement gjennom året frå lag og organisasjonar til næringsaktørar. Kommunen bistod Fauskivalen slik at Norsk kulturråd løyvde kr. 100.000,- i tilskot - ei god anerkjenning av arbeidet med å fremje flott folke-/rock festival
	Kulturmidlar vert delt ut to gonger i året til 21 lag/ organisasjonar som driftsstønad. Størstedelen av tilskotet vert fordelt til barne og ungdomsarbeid i tråd med retningslinene. Det vert også gjeve tilskot til prosjekt, arrangement og ålmenn kultur
	Stadnamngruppa bidreg med nye namn til alle vegar i samband med adresseringsprosjektet. Alle vegar i bustad og hytteområder skal ha vegnamn og skilting, men arbeidet si framdrift er mellom anna avhengig av Kartverket, der ein ofte må vente på avklaringar. Historielaget starta i 2015 med ei revidering av kartverket sin database over namn i Hemsedal og kvalitetssikre desse. (skrivemåte og plassering på kartet.) Det vart løyvd kr. 100 000 frå Språkrådet til innsamling av stadnamn. Det er samla inn ca 5000 namn, 4000 namn står att å registrere i Språkrådet sin stadnamnbase.

5.5 Teknisk

5.5.1 Teknisk etat - forvaltning

Dette kapitel gjeld forvaltningsoppgåver knytt til plan- og byggjesakshandsaming, landbruks-, næring- og miljøforvaltning, forvaltning av matrikkel lova, ulike stabsfunksjonar som sal av kommunale bustadtomter, ajourføring av kartbaser – ref. «geovekstavtala», eigedomsmeklaroppgåver etc.

	Måloppnåing 2016	
	Gode resultat gjennomført, eller i planlagt prosess	
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
Handlingsplan - resultatmål - tiltak	Manglande resultat – ikkje gjennomført	
Effektiv byggjesakshandsaming, herunder opprydding av ulovleg skilt og reklamebruk	Betre enn landssnittet – noko på etterskot matrikkelføring av bygg, og tilsynsarbeid. Vert likevel rekna som forsvarleg.	
Stikkprøvekontroll næringsavfall, initiativ til interkommunal tilsynsordning jfr. «tilsynsstrategi»	Ikkje ressursar til gjennomføring, men aktiv info i kommuneposten om ansvar, «rykka ut» etter varsel, eige handverks/ entreprenørmøte med bl.a. fokus på tema.	
Mål 100% tildelte vegadresser innan 31/12- 2014. Tildele vegadresse til alle adresseverdige bygg i kommunen.	Har oppnådd 60% dekningsgrad for tildeling av offisielle vegadresser. Er avhengig av vedtak av nye vegnamn i kommunestyret. Det er tildelt vegadresser til alle bustadhus.	
Ajour med behandling av private reguleringsplanar	Ingen restanse	
Ajour med eigne kommunale arealplanar	Ikkje ajour, stoppar opp grunna naudsynet politiske avklaringar knytt til reiselivsutvikling, og areal for skule/ helse. Rullering av arealdel noko forsinka grunna arbeid med planstrategi, og forankring - vedteke hausten.	
Aktiv stimulering av miljøfyrtårnordninga	Ligg i Norgestoppen i tall sertifiseringar i høve innbyggjartall – sertifisert 12 nye verksemdar.	
Etablere ei ordning med regionalt samarbeid innan forvaltningsoppgåver - spreidd avlaup.	Avhengig av interkommunalt samarbeid. Vert forsøkt følgt opp i samband med oppfølging av regional plan for vassforvaltning.	
«Øyhopping» og tilgjengeleggjering av Bruøyne som friluftstiltak i sentrum.	Ferdigstilt prosjekt med nye bruer, stiger og etablert bålplassar på Bruøya.	
Eablering av eit studietilbod for ei desentralisert høgskoletilbod.	Etablert grunnlag for eit 3- årig praktisk/ pedagogisk bachelorutdanning – finansiering frå regionrådet på kr. 1,2 mill. Jobbar med toppfinansiering mot Departement.	
Prosjekt «senger i næring» - sikre at reguleringsføresegna i turistområder vert følgt	Nasjonalt nybrottsarbeid for å greie ut eit godt juridisk grunnlag for ulovlegheitsoppfølging. Møter med Departementet og juridiske fagmiljø – arbeid ikkje sluttført	
Offensiv forvaltning av statlege tilskotsordningar innan landbruk til drift og investering	Investeringstilskot kr. 1,1 mill jfr. 5 BU- saker (3 sau, 1 ku, 1 attåtnæring), og 3 løyvingar frå «Fjellandbruket»- regionalt fylkessamarbeid. 8 søknader SMIL med kr 225’	
Aktiv bruk av stig- og løypeplan som ledd i reiselivsutvikling, og tiltak til fremme av folkehelse	Aktivt samspill med Hemsedal utmarksservice, øyremerka midlar til sommergedlikehald – rullert handlingsdelen.	
Gjennomføring av strategisk næringsplan.	Er godt i rute. Reviderte retningslinjer for tilskot til ymse- jord- og skogbruksføre mål – godkjent av Kommunestyret.	
«Temaplan for beite og kulturlandskap» – synleggjere plan i høve framtidig arealforvaltning	Innhenta datagrunnlag, - på etterskot med planarbeidet grunna ressurssituasjon på etaten. Plan ferdigstilt i 2017.	

5.5.2 Teknisk etat – drift

Dette kapitel gjeld forvaltningsoppgåver vassforsyning og reinsing/ avløp, samt drift av kommunale vegar.

		Måloppnåing 2016
		Gode resultat gjennomført, nært gjennomført eller i planlagt prosess
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
Handlingsplan - resultatmål - tiltak		Manglande resultat – ikkje gjennomført
Leverer nok, godt og sikkert vatn	Det er ikkje registrert avvik i forhold til mål. Syner elles til eigen årsrapport for vassverka.	
100 % av vassverkets abonnentar skal ha hygienisk sikkert drikkevann	Det er ikkje registrert kvalitetsavvik på drikkevatnet. Syner elles til eigen årsrapport for vassverka.	
Halde lekkasjenivået stabilt på mellom 23-25 %	Lekkasjenivået er vesentleg høgare enn målsettinga for områda Trøym og Ulsåk. På Tuv er det svært liten lekkasje prosent. For å få ned lekkasje prosenten ytterlegare må det arbeidet med rehabilitering og lekkasjesøk fortsetta i åra som kjem. Eigen årsrapport for vassverka.	
Uvarsla avbrot i vassforsyninga skal ikkje overstige 500 kundetimer	Kun mindre avbrot i vassforsyning, anslagsvis 50 kundetimer.	
Overhalde samtlege myndighetskrav gitt i forskrift og utsleppsløyve for Trøym, Ulsåk og Grøndalen	Alle rensekraft er overholdt med god margin. Syner elles til eigen årsrapport for reinseanlegga og reseipientvurdering.	
Oppretthalde dagens standard på kommunale vegar og på utvalde strekningar, i samsvar med investeringsbudsjett, og betre standarden	Vedlikehald og investeringar er gjennomført i samsvar med gjeldane plan.	
Utføre tiltak på kommunale vegar i samsvar med gjeldane trafikktryggleiksplan	På grunn av kapasitet er ikkje alle fysiske tiltak utført i 2016.	
Syte for og oppretthalde vintervedlikehaldet av kommunale vegar på dagens nivå	Standarden på vintervedlikehaldet av kommunale vegar er opprettheldt på same nivå som tidlegare år.	
Sakshandsamingstid 3 veker i kurante saker	Alle kurante saker er besvart og handsama innan 3 veker.	

5.5.3 Teknisk etat – eigedom

Dette kapitel gjeld kommunal eigedomsforvaltning.

		Måloppnåing 2016
		Gode resultat gjennomført, nært gjennomført eller i planlagt prosess
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
Handlingsplan - resultatmål - tiltak		Manglande resultat – ikkje gjennomført
Utarbeida investerings- og vedlikehaldsprogram. Tydeleggjer teknisk standard og behov med ei fagleg prioritering i høve gjennomføring.	Gjennomført, viktig underlagsdokument for Handlingsplan 2017 – vedteke av Kommunestyret 20/12-2016 som deldokument for økonomi- og handlingsplan 2017-2020.	
EPC - modell for gjennomføring av lønnsame energieffektivisering.	Gjennomført i tråd med framdriftsplan, og løpande mnd. rapportering til kommunestyret – ferdigstilt i 2017.	
Innføring nytt FDV- system	FDV- system er kjøpt inn til reinhald og vaktmestre, der det er brukt ein del tid til innføring – fungerer bra.	
Kostnadseffektiv eigedomsdrift	Innarbeida rutinar og dokumentasjon Renplan, Facilit FDV (reinhald og vaktmestar), og Holte FDV nøkkel. Viktige verktøy og styringsdokument «Plan for vedlikehald og investering – Eigedomsavdelinga».	